

Fyrsteslåtten er like god som heile avlinga i 2018.

25.07.2019



Ballane låg tett i tett hos Runar Myklebust etter fyrsteslåtten.

Fyrsteslåtten vart truleg av den beste som har vore på mange år. Ja, faktisk like god som heile avlinga i 2018. No gjer bøndene seg klar for 2. slåtten og med rett gjødsling er det ikkje sikkert ein treng slå tre gonger i år. Med rett formengde i høve til dyretalet kan mange spare kostnader med 3. slåtten.

2018 med ekstremt lite nedbør gjorde at mange fekk lite for. På landsbasis søkte 11000 om erstatning noko som utgjør ei søknadsramme på 2,5 milliardar kroner. Året før var det vått og kaldt. Det kjem såleis vel med at 2019 lovar godt og kan bli eit rekordår med avling.

Stian Haugland i Haugland Maskin fortel at fyrsteslåtten gjekk over fleire veker i år, frå i slutten av mai til ut i juli. Ustabil ver gjorde at det var vanskeleg å koma til med moderne maskinar. Men, for dei som starta tidleg, er det klart for 2. slåtten.



Nokre valde å turka graset på bakken før balling. Det vart mellom anna gjort på Neset og på Myklebust.

Graset har god kvalitet og nokre valde å turka på bakken før balling. Ein forballe med turka gras inneheld det doble av det som er vanleg i ein balle med grovfor. Det er med andre ord fleire foreiningar i ein balle med turt for. For at graset skal vera godt hefta og ikkje mygla, vert foret tilsett syre.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Inga Tveito/Kristian Bringedal